

Ingen påskegjester på Rabben Feriesenter i år.

22.03.2020



Rabben Feriesenter er stengd ned - ingen påskegjester i år.

Det vart ikkje slik Tove og Magne Heggøy hadde tenkt og planlagd. Den fyrste påskan etter overtakinga blir ikkje noko av. Innehavaren av Rabben Feriesenter må retta seg etter pålegg frå styresmaktene om å ikkje feriera eller opphalda seg på hytter og fritidseigedomar i annan kommune enn der ein bur. Magne Heggøy sender helsing til alle sine gjester på Facebook. Tove og Magne har motteke oppmutrande tilbakemeldingar på denne helsinga, med forståing og gode ynskje for drifta vidare.

Kjære Rabbenvenner.

Dette var ikke den sesongåpningen vi hadde håpet på dessverre. Men nå må vi være disciplinerte og følge påleggene fra myndighetene angående opphold på fritidseiendommen i annen kommune enn hjemkommunen.

Foreskriften gjelder fram til etter påske. Dette innebære med all sannsynlighet at Rabben Feriesenter ser seg nødt til å stenge ned til Corona har roet seg. Så ikke planlegge påskeferie på Rabben Feriesenter i år.

Vi må ta hensyn til befolkningen i uskedalsbygda og Kvinnherad kommune sine ressurser i helsesektoren. De har nok med å ta vare på egne innbyggere i disse tider. Vi følger utviklingen og ny informasjon fra myndighetene.

Tekst: Magne Heggøy / Kristian Bringedal
Foto/nett: Tove Heggøy/ Kristian Bringedal



Det er truleg første gongen sidan oppstarten at det ikkje er påskegjester på Rabben Camping.